

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Att. Elise Håkull Klungtveit

Dykkar ref.: 24/2869 Vår ref.: 2024/595 - 8676/2024

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
19.08.2024

Høyringsbrev - forskrift om retningslinjer for vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge

Helse Vest takkar for invitasjon til å komme med innspel til ovannemnte høying. Høyringa er òg sendt våre helseføretak, for innspel.

Det er behov for å avklare kven som skal ivareta gapet mellom kommunale lågterskeltenestar og spesialisthelsetenesta sitt mandat. Gapet er definert ved å ekskludere utgreiing og behandling til milde og moderate tilstander. Det er viktig at det blir stadfesta og at det kjem tydeleg fram at kommunane skal sikre lågterskeltilbod og at tilvising til utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta ikkje famnar milde og moderate tilstandar. Ein føresetnad er at kunnskap og informasjon om rolle og oppgåvedelinga er godt kjent i alle deler av kommunehelsetenesta særleg med omsyn til fastlegar og andre som har rett til å tilvisa pasientar.

I lovverk og forskrifter er dette tydeleg definert, det vil seie at dette er ei kommunal oppgåve. Helseføretaka på Vestlandet har over tid jobba aktivt saman med kommunane for å synleggjera tilboda i kommunane og oppgåvedelinga mellom tenestenivå, mellom anna gjennom Barnas helseteneste som har gjort svært mange gode avklaringar. Det same skjer og for vaksne. Dette er og gode prosessar som har som mål å sikre rett tilbod på rett nivå og gode overgangar mellom tenestenivå nå det er aktuelt.

Vidareutdanninga er, slik den er lagt fram målretta for tilsette i kommunane. Det viktige er at vidareutdanninga og sørger for tryggleik for at ein blir trygg på når det eventuelt er naudsynt å tilvisa for anna utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta. Kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta må nytta sine ressursar på ein god og føremålstenleg måte. All framskriving av behov og fagleg kapasitet anten det er for kommunale helsetenester eller spesialisthelsetenesta må bidra til utdanning på rett nivå til dei rette oppgåve og bidra til at ein ikkje «trykker» all vidareutdanning oppover i utdanningskjeda i tråd med Helsepersonellkommisjonens rapport.

Det er derfor viktig at utdanninga som er beskriven ikkje føreset at ein må bygga ytterlegare på med vidareutdanning for å dekkja tenestene til innbyggjarane for å vere trygg i dei tilfella der ein eventuelt i et pasientforløp har behov for utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta.

Oppsummert

Utdanninga må vere tilstrekkeleg til at dei også må beherske å vurdere når pasienten eventuelt vil ha behov for spesialisthelsetenesta.

Vennleg helsing
MOT-avdelinga

Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

